



SULA KOMMUNE



RETTLEIAR FOR RUSFØREBYGGANDE ARBEID I SULA-SKULEN 2024/2025

Ikkje oversjå – ikkje overreager

Innhold

Føreord	3
Innleiing.....	4
Intensjonar og målsettingar	5
Førebyggingstrekanten	6
Kven har ansvar for kva i førebyggingsarbeidet?	6
Føresette	6
Ungdomsskulen.....	7
Ressursteam ved ungdomsskulen	7
Læraren si rolle	7
Helsesjukepleiar	8
Samordning av lokalt rus og kriminalitetsførebyggande arbeid (SLT)	8
Politi	8
Universelle rusførebyggande tiltak i skulen	9
Tiltak per trinn	10
Selektert og indikert rusførebygging	12
Endringar og signal.....	12
Handtering og rutine ved bekymring og samarbeid.....	13
Vedlegg – del 1 Utanfor boksen – innanfor lovverket	18
Vedlegg – del 2 Fakta om rusmiddel	23
Vedlegg – del 3 Støtte til skulane rundt ulike situasjonar	28
Vedlegg – del 4 Kontaktpersonar, interne og eksterne hjelpeinstansar og samarbeidspartar	34

Føreord

Rusførebygging krev langsiktig og strukturert arbeid dersom det skal ha effekt. Det er difor svært gledeleg at Sula kommune har fått på plass ein rettleiar for korleis dette skal foregå i praksis.

Innhaldet i rettleiaren legg til rette for at laget rundt barn og unge samarbeider og veit kva dei skal gjere i det førebyggjande arbeidet generelt, og mot grupper og enkeltindivid spesielt.

Målet er at Sula- skulen skal vere ein arena der ein jobbar målretta, og at vi er trygge og tydelege i møte med både elevar og foreldre i arbeidet vårt.

Gjennom denne rettleiaren får vi eit godt verktøy og auka handlingskompetanse i arbeidet.

Lukke til i arbeidet!

Bente Glomset Vikhagen

Kommunedirektør

Innleiing

Rettleiaren gir Sula-skulen eit verktøy i det rusførebyggande arbeidet.



Foto: Sula Kommune

*«Målet er å oppdage og gi best mogleg støtte til eleven som er i ferd med å utvikle problematisk/skadeleg bruk av rusmiddel»
- Kjentmannsheftet 2019*

Rettleiaren har ein hovuddel og fleire vedlegg. Det sentrale i hovuddelen er korleis ein skal jobbe universelt og selektert rundt det rusførebyggande arbeidet i skulen. Rettleiaren gir konkrete forslag til handtering av bekymring for rusmiddelbruken til ein elev (inkludert førebygging) og forslag til samhandling. Vedlegga er delt opp i fire kategoriar;

1)samhandling innafor det gjeldande lovverket, 2) faktaopplysningar om rusmiddel, 3) hjelpearbeid til skulen og 4)kontaktinformasjon til relevante samarbeidsaktørar.

Sula ungdomskule har eit ressursteam sett saman av personar som skal ha ansvar for oppfølging av elevar med eller mistanke om, bekymringsfull rusmiddelbruk. Ressursteamet skal ha spesiell kunnskap og kompetanse om rusmiddel og rusmiddelbruk. Dei skal vidare ha kunnskap om tidleg identifisering og gode handlingsalternativ i saker som gjeld bekymringsfull rusmiddelbruk. Dei skal vere tilgjengelege for elevar, føresette og kollegaer i skulen. Tilsett ved helsestasjonen, med særskilt rolle inn mot ungdom psykisk helse og rus, er med i ressursteamet og vil vere ein kontaktperson for barneskulane dersom det dukkar opp sakar om bekymringsfull rusmiddelbruk hos elevar der.

Ressursteamet vil få kunnskapsheving og oppfølging frå SLT – koordinator, KORUS (Kompetansesenter rus Midt-Norge) og andre fagpersonar.

Rettleiaren har tatt utgangspunkt i Ålesund kommune sin «Rettleiar og handlingsplan for rusførebyggande arbeid i Ålesund – skulen 2024». Det har blitt gjort nokre justeringar for å tilpasse den til Sula-skulen og dei tilboda som Sula kommune har. Vi vil takke Ålesund kommune for at vi fekk nytte oss av planen som dei har arbeidd så mykje med.

Intensjonar og målsettingar

Barnekonvensjonen artikkel 33 er eit godt utgangspunkt for samarbeid, samordning og tverrfagleg arbeid rundt det førebyggjande arbeidet i Sula-skulen. Arbeidet med rusførebygging skal bidra til at ungdom utviklar kunnskap om rus, rusmiddel og ferdigheiter som kan hjelpe dei med å ta gode livsval. Rus er eit tema som, i tillegg til det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring, høyrer heime i fleire fag.



Foto: Kristoffer Sletta

«Narkotika er ulovleg i Noreg. Alle barn og unge skal beskyttast mot, og vite kvifor det er farleg og ulovleg. Dei har rett til å få hjelp om dei byrja med narkotiske stoff»
-Barnekonvensjonen artikkel 33

Skulen skal vere ein rusfri og trygg arena for alle unge. For å lukkast med skulen sitt førebyggjande arbeid er det viktig med tidleg innsats og samarbeid om eleven sitt beste. Skulane har ansvar for å handle ved bekymring og den einskilde skule skal ha ein lokal tilpassa plan for det rusførebyggjande arbeidet.

Rusproblematikk har ofte bakenforliggende årsaker. Samarbeid med ungdommen er derfor viktig og at dei opplever oppfølginga som relevant. Ungdommen skal møte vaksne som ser, lyttar, viser omsorg, har forventningar og følger opp. Føresette er den viktigaste førebyggjar i eit barns liv. Derfor er kontakten og samarbeid mellom heim og skule svært viktig. Skulen sitt nettverk skal ikkje stå åleine. Det skal vere eit samarbeid med andre instansar både i det førebyggjande arbeidet mot rusmiddelbruk og i konkrete saker. Helsesjukepleiar er ein sentral samarbeidspart for skulen og for laget rundt eleven.

Førebyggingstrekanten


Innføringa av oppvekstreforma betyr førebygging på fleire nivå i kommunen og eit felles ansvar i fleire sektorar med samhandling mellom desse.

Førebyggande arbeid kan delast inn i tre nivå som har ulike føremål og ulike målgrupper; universell, selektiv og indikativ førebygging.

Universell førebygging: Tiltak som rettar seg mot barn og unge. Den universelle førebygginga er strategiar og tiltak som rettar seg mot alle, utan å skilje mellom grupper.

Selektert førebygging: er tiltak retta mot grupper med kjent og/eller stor risiko for å utvikle problem. Tiltaka her skal motverke negativ utvikling hos barn og unge og/eller deira føresette.

Indikert førebygging: er tiltak retta mot individ med høg risiko eller klare teikn på problem.



Kven har ansvar for kva i førebyggingsarbeidet?

Føresette

- Den viktigaste personen i eit barns liv og den viktigaste førebyggaren.
- Oppdragar - bidra med god tilknytning, grensesetting og støtte.
- Vere ein god rollemodell.
- Delta i samarbeidet med skulen.
- Delta i samarbeid med andre tenester ved individuell oppfølging.



Foto: Henta frå istockphoto.com

Ungdomsskulen

- Jamlege møter i ressursteamet.
- Gjere innhaldet i rettleiaren kjent for medarbeidarar. Rettleiaren skal vere tilgjengeleg for elevar, føresette og andre samarbeidspartar.
- Gi opplysning og kunnskap. Vere ein aktiv rusførebyggjar og arbeide med kompetansemål opp mot det rusførebyggjande arbeidet.
- Legge til rette for samarbeid med føresette. Oppfordre føresette til å ta kontakt dersom dei er bekymra for eige barn eller ein annan elev.
- Følge opp samarbeid med relevante tenester og samarbeidspartar i kommunen.
- Varsle politiet ved ei uønskt hending/utagerande åtferd og ved mistanke om kjøp og sal av rusmiddel.
- Varsle SLT – koordinator og politiet om ein ser endringar i skulemiljøet.
- Følge opp samarbeid med relevante tenester og samarbeidspartar.
- Varsle politiet ved ei uønskt hending/utagerande åtferd, endring i miljøet og ved mistanke om kjøp og sal av rusmiddel.
- Ha kunnskap og oversikt over trendar og fenomen blant unge i kommunen.
- Rapportere om dette til SLT-koordinator.

Læraren si rolle

Ressursteam ved ungdomsskulen

- Tilsett ved helsestasjonen, med særskilt rolle inn mot ungdom psykisk helse og rus, er barneskulane sin kontaktperson ved bekymring for elevar og rusbruk.
- Vere tilgjengeleg ved foreldremøte.
- Gi opplysning og kunnskap. Vere ein aktiv rusførebyggjar og arbeide med kompetansemål opp mot det rusførebyggjande arbeidet.
- Gjere seg godt kjent med rettleiar for det rusførebyggjande arbeidet.
- Bidra til at elevane tileignar seg kunnskap om rus og rusmiddel gjennom undervisninga i relevante fag.
- Samarbeide med andre faglærarar for å dekke ulike aspekt som gjeld rus, grensesetting, fysisk og psykisk helse i skulen.
- Legge til rette for trygge relasjonar og rom for dialog og refleksjon om ulike aspekt ved rus.
- Ta bekymring på alvor, varsle ressursteam/skuleleiing og bidra til at elevar får naudsynt oppfølging. [Jfr Sula kommune sin BTI-rettleiar.](#)
- Følge opp skulen sitt systematiske arbeid for eit trygt og godt skulemiljø.
- Følge opp einskildelevar og ha eit godt samarbeid med føresette.

Helsesjukepleiar

- Vere ein god støttespelar i det rusførebyggande arbeidet.
- Helsesamtale på 8. trinn.
- Bidra med å opplyse og gi kunnskap til elevar om rusbruk og rusmiddel.
- Spørje elevar om rusmiddelbruk, inkludert alkohol.
- Informere om Sula - skulen sin rettleiar i foreldremøte på 7. trinn.

Samordning av lokalt rus og kriminalitetsførebyggande arbeid (SLT)

- SLT-koordinator koordinerer kommunalt tverrfagleg SLT-team som skal sikre kompetansehevande tiltak for:
 - Skular
 - Føresette
 - Andre i målgruppa
- Sørge for at alle skular er godt informert om kva for hjelpeinstansar som kan bidra i arbeidet ved bekymring og handling rundt rusmiddelbruk.
- Kompetanseheving for ungdomsskulen sitt ressursteam.

- Ha kunnskap og oversikt over trendar og fenomen blant unge i kommunen.
- Følge opp samarbeid, både i rusførebyggande arbeid og ved oppfølging av utfordringar.

Politi

- Ha oppdatert lokalkunnskap om trendar og fenomen knytt til rusmiddel.
- Ha eit større og meir heilskapleg bilete av rusmiddelsituasjonen utover den einskilde kommune og skule.
- Ha erfaring med rusførebyggande tiltak.
- Vere tilgjengeleg for skular/føresette ved ønske om å drøfte ei problemstilling rundt rus/rusmiddelbruk.
- Ha moglegheit for å iverksette akutte avverjande tiltak ved fare for liv og helse.
- Ta imot melding og opprette straffesak ved mistanke om bruk/kjøp/sal av narkotika.
- Har høve til å bruke strengare verkemiddel for å hindre eller stanse ein planlagt eller pågåande konflikt/trusselsituasjon e.l. i samband med rusmiljø.

Universelle rusførebyggende tiltak i skulen

- Regelmessig gjennomføre Ungdata-undersøking, som gir eit oversiktsbilete av korleis ungdom har det generelt og spesifikt om bruk av rusmiddel.
- Skulen skal ha eit ressursteam som har god kunnskap om rusmiddel og rusmiddelbruk, erfaring i å snakke om rusmiddelbruk med elevar og handtere saker om bekymringsfull rusmiddelbruk.
- Helsejukepleiar som har generell kompetanse innan rusmiddelproblematikk.
- SLT-koordinator, ungdomsskulen sitt ressursteam, helsejukepleiar eller andre som jobbar førebyggjande kan, i samband med foreldremøte, snakke til føresette om førebygging og trendar rundt ungdom og rusmiddelbruk.
- Sosialpedagogisk ressursteam med sosiallærar og miljøarbeidarar.
- [Livet & sånn](#)
- [MOT](#)



Foto: Tone Fiskarstrand

Tiltak per trinn

7.trinn	Førebyggjande tiltak	Når	Korleis	Ansvarleg
	Helsesjukepleiar informerer om kommunen sin rettleiar.	Første foreldremøte på hausten	Felles foreldremøte	Helsesjukepleiar, psykisk helse og rus ungdom

8.trinn	Førebyggjande tiltak	Når	Korleis	Ansvarleg
	Informere om kommunen sin rettleiar og presentere ressursteam	Første foreldremøte haust	Felles foreldremøte	Rektor Ressursteam
	Informere om kommunen sin rettleiar til elevar. Presentere ressursteam	I alle klassar ved oppstart	I alle klassar	Ressursteam
	Helsesamtale der tema blant anna vil vere tobakk, alkohol og andre rusmiddel	I løpet av 8.klasse	Individuell samtale	Helsesjukepleiar
	Ressursteam inviterer til temakveld om rusmiddelsituasjonen, trendar, kriminalitet, førebygging og kva føresette kan/bør bidra med	Januar	Felles foreldremøte. Skulen må avtale dette i god tid på førehand	Ressursteam

9.trinn	Førebyggjande tiltak	Når	Korleis	Ansvarleg
	Informere om kommunen sin rettleiar. Presentere ressursteam	Foreldremøte haust	Felles foreldremøte	Rektor Ressursteam
		I alle klassar ved oppstart	I alle klassar	Ressursteam
	Ressursteam inviterer til temakveld om rusmiddelsituasjonen, trendar, kriminalitet, førebygging og kva føresette kan/bør bidra med	Januar	Felles foreldremøte. Skulen må avtale dette i god tid på førehand	Ressursteam
	Målet er at ressursteam tilbyr undervisning om rusmiddel på trinnet		Skulen må avtale dette i god tid på førehand	Ressursteam

10.trinn	Førebyggjande tiltak	Når	Korleis	Ansvarleg
	Informere om kommunen sin rettleiar. Presentere ressursteam	Foreldremøte haust	Felles foreldremøte	Rektor Ressursteam
		I alle klassar ved oppstart	I alle klassar	Ressursteam
	Ressursteam inviterer til temakveld om rusmiddelsituasjonen, trendar, kriminalitet, førebygging og kva føresette kan/bør bidra med	Januar	Felles foreldremøte. Skulen må avtale dette i god tid på førehand.	Ressursteam

Selektert og indikert rusførebygging

Endringar og signal

Generelle endringar i åtferd kan handle om mange ting, også rusmiddelbruk. Bekymringar må undersøkast og takast på alvor, og meldast internt på skulen. Det er viktig å sjå heilheita og samansetninga av informasjon og observasjon. Ved bekymringsfull åtferdsendring ta kontakt med ressursteam på skulen, helsefagleg personell og/eller skulen si leiing.

Rusmiddelbruk **kan gje** følgande endringar

- Endring i åtferd som ikkje lar seg forklare på ein tilfredsstillande måte om humørsvingingar (sløv, frustrert, aggressiv, latterkick) eller endra åtferd med tanke på struktur, hukommelse eller konsentrasjon
- Vekttap, dårleg allmenntilstand uforklarlege symptom på trøttheit, dårleg hygiene, slurvete/skitten påkledning o.l.
- Bekymringsfullt frávær eller brot på avtalar
- Tydelege fall i skuleprestasjon
- Signal eller bekymring frå føresette eller medelever
- Endring av omgangskrins eller omgang med elevar i risikogrupper
- Endring i/stort forbruk av pengar eller stor kjøpekraft
- Utrykk for meiningar eller haldningar som bagatelliserer eller legaliserer bruk av rusmiddel
- Tidlegare utfordringar som skulen kjenner til.

«Tidlege signal på mogleg bekymringsfull rusåtferd/rusproblem er ofte diffuse og utydelege. Desse endringane kan i ein tidleg fase verke som tenårings- eller ungdomsåtferd. Den usikkerheita kan gjere at ein nøler eller overser problema, noko som igjen kan føre til at problema kan vekse seg større.» -Kjentman-

Handtering og rutine ved bekymring og samarbeid

Handtering ved ulike situasjonar

På dei fleste skular vil det jamleg kome fram **mistankar/uro** rundt eksperimentering eller rusmiddelbruk hos elevar. Det kan vere noko ein overhøyrer i samtalar mellom elevar, elevar som kjem og deler bekymring for vener/andre elevar. Det kan òg være føresette som tek kontakt og formidlar bekymring rundt rusmiddelbruk blant elevar ved skulen.

Informasjonen som kjem fram er ofte basert på ulike kjelder; egne eller andre sine observasjonar, rykte, frå fortrulege samtalar, eigen kunnskap om og observasjonar av rus og påverknad, konkrete funn av brukarutstyr/rusmiddel med meir.

Rykter er ikkje sikker kunnskap
og må handterast ut i frå det.

Av og til kan der vere rett å ikkje gå vidare med det ein har høyrte eller overhøyrte i samtalar mellom andre. Skal ein nytte den usikre informasjonen som eit rykte er, til dømes i ein samtale med ein elev, må ein vere tydelege på at dette er noko ein har høyrte og ønsker å sjekke ut med eleven om dette stemmer eller ikkje.




Foto: Tone Fiskerstrand

Dokumentasjon er viktig i arbeidet med å handtere mistanke om, eller bruk av rusmiddel.

Både faglege vurderingar, menneskelege omsyn og godt skjønn må brukast i handtering av situasjonane. Der er som regel ingen standardsvar eller prosedyre.

Vurderingane og handlingane bør dokumenterast med dato og grunngjeving (sjå vedlagte skjema for dokumentasjon, s. 33).

Dokumentasjonen skal ivareta rettstryggleiken til eleven og føresette, og samtidig gi skulen sitt personell formell ryggdekning.

Ansvar og oppfølging. Det er svært viktig at ein handtering av rusmiddelrelaterte situasjonar har klar og tydeleg fordeling på kven som gjer kva; kven har ansvaret, kvar og korleis skal det dokumenterast, og ha gode rutinar for å følge opp saka.

Ansvaret bør ideelt sett ligge hos den som allereie har ein god relasjon til eleven. Dersom ingen har det, vil det vere naturleg at kontaktlærer eller skulens ressursteam, i samråd med rektor tek ansvaret.

Kva er det rette tidspunktet?

Kva er det rette tidspunktet for å ta kontakt med ein elev når det er mistanke om at vedkomande rusar seg. Når bør ein involvere/kontakte føresette? Når skal ein kontakte andre instansar? Kor lenge skal ein halde på informasjonen (teieplikt) eller når har ein meldeplikt? Kva vurderer ein “det rette tidspunktet” ut i frå? Kva er konsekvensane av å gå vidare med mistankar eller sikre observasjonar? Kva kan konsekvensane vere ved å vente til eit seinare tidspunkt, eller av å la vere å gå vidare i det heile tatt?

Dette er vanskelege spørsmål å gi enkle svar på, men desto viktigare å ha reflektert og gjort seg opp nokre tankar og meiningar om. Det vidare innhaldet vil unne gi noko rettleiing på desse spørsmåla.

Rutinar ved ulike situasjonar

Fargemarkeringa viser grad av alvor (jf. trafikklys)

Ved bekymring for ein elev sine rusvanar		
Situasjon B		
Tiltak	Når	Ansvar
Snakke med eleven (sei noko om kva ein er bekymra for, kva tenker eleven om det?)	Raskast mogleg	Den som er bekymra
Melde til skulens ressursteam	Raskast mogleg	Den som er bekymra
Ressursteam innhente fleire opplysningar, skaffe seg oversikt. Avklare oppfølging/samtale.	Raskast mogleg	Skulen sitt ressursteam
Avtale samtale med eleven	Innan ei veke etter første bekymring	Leiing/skulen sitt ressursteam/ Helsesjukepleiar

Eleven innrømmer rusmiddelbruk Situasjon A		
Tiltak	Når	Ansvar
Informere om moglegheit for hjelp/oppfølging av fagperson på skulen og eksterne samarbeidspartar	Vurderast av dei ansvarlege	Skulen sitt ressursteam/ helsesjukepleiar, eventuelt eksterne samarbeidspartar.
Oppfordre eleven til å snakke med føresette, enten sjølv eller i samarbeid med nokon på skulen.		Skulen har hovudansvaret fram til anna er avtalt.
Innkalle elev og føresette for å diskutere kva som kan hjelpe eleven vidare.		
Plan for oppfølging		

Eleven som nektar for rusmiddelbruk i første samtale		
Tiltak	Når	Ansvar
Søk meir informasjon og vurdere situasjonen	I løpet av 1-2 veker	Ressursteam/ helsesjukepleiar/ kontaktlærer/ faglærarar/ miljøterapeut/sosiallærer
Ny samtale med eleven		Skulen sitt ressursteam/ helsesjukepleiar

Mistanke om at ein elev er rusa på skulen Situasjon C		
Tiltak	Når	Ansvar
Melde til kontaktlærer/ ressursteam/ helsesjukepleiar	Omgåande	Den som har mistanke
Eleven må skjermast og ivarekast, og føresette må kontaktast, og eventuelt hente eleven. Avtal møte med føresette.	Omgåande	Ressursteam/leiing
Samtale med elev og føresette. Informere om moglegheit for hjelp/oppfølging av fagpersonar på skulen og samarbeidspartar i kommunen.	Dagen etter/raskast mogleg	Ressursteam/eventuelt helsesjukepleiar/leiing
Plan for vidare oppfølging - Opprette stafettlogg, dokumenter tiltak.	Vurderast av ansvarleg	Ressursteam/eventuelt helsesjukepleiar/leiing

Ved mistanke om kjøp/salg av rusmiddel på skulen		
Tiltak	Når	Ansvar
Ta kontakt med leiing	Omgåande	Den som har mistanke
Samtale med den/dei det gjeld om at ein har mistanke om kjøp og sal av rusmiddel	Snarast	Rektor/leiring
Kontakte føresette	Snarast	Rektor/leiring
Kontakte politiet	Snarast	Rektor/leiring
Oppfølgingsavtale med elev og/eller føresette med tilbod om hjelp.	Innan kort tid	Leiring/ ressurspersteam/helsesjukepleiar/ ekstern støtte.

Sjå vedlegg 3, side 28 for utfyllande informasjon og framgangsmåtar og refleksjonar rundt handtering av dei ulike situasjonane.

Samarbeid ved bekymring om bruk av rusmiddel



Bruk av rusmiddel (inkludert alkohol) i ungdomsskulealder er ein alvorleg sak og gir grunn til bekymring. Det er derfor viktig at skule og helsesjukepleiar ikkje opplever å stå aleine i utfordringa, men har samarbeidspartar som ein kan drøfte utfordringsbiletet med.

Foto: Henta frå istockphoto.no

Det finst ei rekke samarbeidspartar for skulane (sjå vedlegg 4, s. 34), samtidig vil det i nokre tilfelle vere naturleg å drøfte saker med politi eller barnevern.



Anonym drøfting med barnevernstenesta vert anbefalt dersom ein er usikker på om ein sak bør meldast. Teieplikt er ikkje til hinder for å drøfte saker anonymt, og barneverntenesta er erfarne på å gi råd og rettleiing. For meir informasjon, skann eller klikk på QR – koden.

Ein kan og drøfte ei bekymring/problemstilling om rus/rusmiddel anonymt med politiet. Kontaktpunktet hos politiet skal vere førebyggjande avsnitt ved Ålesund politistasjon. Ved konkret mistanke eller bekymring for elevar ønsker politiet beskjeden så nøyaktig og detaljert som mogleg (sjå side 8, politiets ansvar i det rusførebyggjande arbeidet.)

Råd frå ungdommen:

«Ha mot og is i magen til å ikkje fortelje noko vidare før vi kan gjere det i samarbeid»

Frå rapporten «Kloket om rus»

Vedlegg – del 1 Utanfor boksen – innanfor lovverket

Teieplikt

Bakgrunnen for teieplikta er at den skal beskytte eleven og føresette mot at opplysningar om personlege tilhøve kjem på avvege. Frykt for at opplysningar blir delt kan resultere i at ein ikkje søker hjelp.

Teieplikt inneberer ei plikt til å hindre at bestemte opplysningar kjem til andre enn dei som skal ha opplysningane. Det betyr både ei plikt til å la vere å dele opplysningar og handsame opplysningane på ein forsvarleg måte slik at uvedkomande ikkje får tilgang til dei. Dette gjeld både skriftlege og munnlege opplysningar. Reglane om teieplikt skal sikre at elevar og føresette har tillit til at opplysningar om dei, vert forvalta forsvarleg og ikkje vert spreidd meir enn naudsynt. Denne tilliten er avgjerande for at elevar og/eller føresette skal kunne gi opplysningar om personlege tilhøve til skulen og andre instansar.

Tilsette i kommunen og i skulen har teieplikt om alt dei får kjennskap til om andre sine personlege tilhøve gjennom arbeidet sitt (jf. Opplæringslova § 15-1, privatskulelova § 7-3, jf. Forvaltningslova §13, og helsepersonellova § 21) Personlege tilhøve betyr opplysningar ein vanlegvis ønskjer å halde for seg sjølv. Teieplikta gjeld både kollegaar og elevar sine personlege tilhøve.

Personlege tilhøve er til dømes opplysningar om fysisk eller psykisk sjukdom, lærevanskar, problem i heimen, økonomi, karakterar eller kjensleviv. Dersom opplysningane er allment kjende, eller innanfor tema det normalt er openheit om, vert ikkje dette sett på som personleg, til dømes kvar ein er fødd, fødselsnummer, statsborgskap, sivilstand, yrke, bustad og arbeidsstad. Dette vert altså ikkje rekna som personlege tilhøve, jf. Fvl.§1



Foto: Henta frå istockphoto.com

Unntak frå teieplikt

Det mest hensiktsmessige unntaket frå teieplikta er å hente **inn samtykke** frå den som dei teiepliktige opplysningane gjeld. Er det henta inn skriftleg samtykke, fell teieplikta bort. Sjå viktige vilkår under. Føresette samtykker på vegne av barnet. Er eleven over 15 år har vedkomande ein sjølvstendig rett til å gi samtykke i skulesamanheng (i tillegg til føresette).

1) Samtykke frå den opplysningane gjeld (Forvaltningslova §13a nr.1)

Samtykket må vere *informert*, noko som inneberer at samtykket må vere

- Frivillig
- Spesifikt: Det må vere klart kva den einskilde samtykker til, dvs. Samtykket gjeld eit klart og presist formål
- Informert: Det må vere tydeleg og klart kva ein samtykker til
- Samtykket kan bli gitt både skriftleg og munnleg; skriftleg samtykke er å anbefale
- Samtykket må dokumenterast (sjå skjema side 22).
- Trekking av samtykke, - den einskilde må få informasjon om retten til å trekke tilbake samtykke når som helst

2) Opplysningsplikt

I nokre spesielle tilfelle har ein opplysningsplikt. Dette gjeld plikt til å ivareta liv og helse (naudrett), avverje alvorlege straffbare handlingar og varsle om barn som vert utsett for omsorgssvikt. I slike tilfelle går opplysningsplikta føre teieplikta.

Opplysningsplikt til politiet¹

- Gjeld det eit alvorleg forhold og det er sikkert eller mest sannsynleg at eleven kjem til å utføre eit lovbrøt som vert omfatta av avverjeplikta i straffelova §196, går avverjeplikta føre teieplikta. NB! Avverjeplikta etter strl. §196 gjeld ikkje narkotikalovbrøt.
- Om ein uskyldig person er tiltalt eller dømt for en straffbar handling som har strafferamme på meir enn eitt års fengsel, og skulen får opplysningar som påviser at ein elev ved skulen er den eigentlege skuldige, vil varslingsplikta gå føre teieplikta, sjå straffeloven §226.
- Om ein elev begår ei straffbar handling mot ein tilsett ved skulen, til dømes eit valdslovbrøt eller eit tjuveri, kan den tilsette melde tilhøvet til politiet i eigenskap av fornærma ved den straffbare handlinga.
- Skulen kan varsle politiet om eit pågåande lovbrøt, til dømes at ein elev utøver vald eller gjer skadeverk og ikkje let seg stanse med dei midlane skulen rår over.

Opplysningsplikt til barnevernet



Tieplikta kan berre setjast til sides dersom minst eit av vilkåra i Opplæringslova §15-3 bokstav a-e (Sjå QR kode) er oppfylt. Meldeplikta vert oppløyst berre i særskilt alvorlege saker. Ein generell bekymring for eit barn, som ikkje kan knytast til føresette si omsorgsevne, er ikkje tilstrekkeleg grunn til å tilsidesette tieplikta ved å melde bekymring til barnevernet. I ein bekymringsmelding til barnevernet må det tydeleggjerast at ein har vurdert at meldeplikta er utløyst og i tillegg vise til at meldeplikta går framfor tieplikta i dette tilfellet.

Om det ligg føre eit samtykke frå føresette, kan den offentlege instansen kontakte barneverntenesta, også i tilfelle som ikkje utløyser vilkåra for meldeplikt, (jf.fvl. §13 a nr.1). Eit slikt samtykke må vere informert (sjå punkt 1) og bør vere skriftleg.

Høgt sjukefråvær hos ein elev er ikkje åleine eit tilstrekkeleg grunnlag for å sende bekymringsmelding til barneverntenesta, (jf. Opplæringslova §15-3 bokstav a-d). Å melde bekymring til barneverntenesta vil som hovudregel først vere aktuelt i dei tilfella der fråværet kan knytast til omsorgssituasjonen til barnet eller til alvorlege åtferdsvanskar.

3) Andre unntak – opplysningsrett

Når informasjonen verken er tiepliktig eller opplysningspliktig, *kan* ein dele informasjon med andre, men *må ikkje*. Innanfor reglane må ein alltid vurdere om ein **bør** dele opplysningane. Omsynet til eleven sin tillit til deg, kan til dømes vere avgjerande om du skal dele fortrulege opplysningar. Gjeld opplysningane ein ungdom under 18 år må du vurdere om deling av opplysningane er **til barnets beste**. Dette omsynet skal leggest stor vekt på i vurderinga. Om ein vel å dele opplysningane bør den som opplysningane gjeld informerast om dette.

- Dele med kollegaer når det er naudsynt for å få ein "hensiktsmessig arbeids – og arkivordning" (jf.fvl.§13b nr.3)

Dette gjeld til dømes fagleg samarbeid i eit fagteam. Det skal berre utvekslast opplysningar dersom det er behov for deling, til dømes når undervisninga må leggest opp på ein bestemt måte til beste for eleven. Er det behov for ei meir generell meningsutveksling med kollegaane, bør opplysningane vere anonymisert, slik at eleven ikkje kan identifiserast.

- Anonym drøfting av spørsmål og problem (jf. Fvl. §13a nr.2)

Skular kan vere medlem av forskjellige samarbeidsteam i kommunen, for eksempel tverretatleg team der skulen deltek saman med barneverntenesta, skulehelsetenesta, PP-tenesta, politiet osv. Om einskildsaker skal diskuterast i slike team, er det eit godt utgangspunkt å sørge for at det er henta inn samtykke frå dei som har krav på vern av informasjon (sjå vedlegg side 23). Om ikkje må opplysningane vere tilstrekkeleg anonymiserte!



Teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett er kompliserte tema. Stor anbefaling å lese følgende tilleggslitteratur **Utenfor boksen – innenfor loverket. Veileder for god informasjonsflyt**. Bruk QR- koden. Rettleiaren er oversiktleg og informativ, og inneheld i tillegg gode eksempel på aktuelle situasjonar.




Foto: Rebekka Digernes Fylling



Samtykke om utveksling av teiepliktig informasjon

Eleven sitt namn _____ Fødd _____

Skule _____

Samtykke til samarbeid mellom skule og _____

Det vil sei at skulen, ved kontaktperson _____ og

_____ kan dele viktig og nødvendig informasjon om meg slik at eg får den hjelpa og støtta som eg treng.

Anna informasjon:

Kontaktperson skule: _____

Kontaktperson hjelpeapparat: _____

Dato: _____

Elevens signatur

Føresette sin signatur

Skulen sin signatur

Dette samtykket kan trekkast når som helst

Om underskrift	Om samtykke
<p>Det er den eller dei som har foreldreansvar for barnet som har rett til å samtykke på vegne av barnet. Der føresette bur ilag er det tilstrekkeleg at den eine skriv under. Er omsorga delt, skriv begge under. Dersom ein av føresette har eineomsorg, skriv den under.</p> <p>Fosterforeldre kan samtykke, og orientere omsorgskommunen.</p> <p>Etter Lov om barnevernstenester må barn over 15 år gi eige samtykke.</p>	<p>Eit informert samtykke inneber at eg/vi:</p> <ul style="list-style-type: none">- Får informasjon om kva opplysningar som skal utvekslast.- Veit korleis opplysningane skal brukast og konsekvensane av dette.- Er kjent med at eg kan nekte at opplysningar om spesielle forhold blir utveksla eller at spesielle fagmiljø eller einskildpersonar får bestemte opplysningar.- Veit at samtykke er frivillig og kan trekkast tilbake når som helst.- Veit at eg kan få innsyn i kva opplysningar som er utveksla med andre.

Vedlegg – del 2 Fakta om rusmiddel



Dei mest vanleg brukte rusmidla hos ungdom er alkohol, cannabis, kokain og MDMA. Effekt/verknadane av rusmidla varierer frå person til person. Fysisk og psykisk tilstand verkar inn på effekt og opplevinga av rusen.

Kjelde: Rusinfo i 2023



Alkohol

- er det mest brukte rusmiddelet av ungdom

- Alkoholrus gjer deg mindre kritisk og meir impulsiv
- Alkoholrus aukar risikoen for å hamne i ulykker, bli valdsoffer eller valdsutøvar Risikoen for å bli eit ran– eller valdtektsoffer aukar også
- Det er 18-årsgrense for sal og skjenking av øl og vin, og 20-årsgrense for brennevin
- Det er ikkje tillat å kjøpe eller gi alkohol til unge under 18 år
- Høgt inntak av alkohol er giftig for kroppen – promille frå rundt 3 kan vere dødeleg
- I kombinasjon med dempande medikament/rusmiddel, sovemiddel, smertestillande eller angstdempande middel (som til dømes benzodiazepiner eller GHB), kan langt lågare promille føre til død. Ved alvorleg alkoholforgifting er legehjelp livsnødvendig.



Cannabis

- er det mest brukte ulovlege rusmiddelet i Noreg

- Cannabis finst i ulike former som hasj, marihuana og cannabisolje. Vanlege kallenamn: brunt, grønt, gress og weed
- Vanlegaste inntaksmåtar er at cannabisprodukt blir blanda med tobakk og røykt, anten som ein sigarett eller i pipe.
- Lukta av cannabis er søtleg, og kan minne om røykelse eller brent/svidd urtekrydder
- Produkt tilsett thc (verkestoffet i cannabis) kan også svelgast og drikkast
- Thc kan også brukast via e-sigarettar, såkalla «vaping»
- Verknaden kjem raskt ved røyking og kan vare i fleire timar. Ved svelging av cannabisprodukt vil det ta lenger tid før ein merkar rusen, noko som gjer det vanskelegare å dosere og dermed lettare å overdosere
- Cannabisrusen er dempende og kan opplevast som avslappande. Sansenstrykka blir gjerne opplevd som sterkare, og rusen kan i nokre tilfelle også endre verkelegheitsoppfatninga
- Langvarig og omfattande bruk kan utløyse psykiske plager og lidingar. Akutte angstreaksjonar er ikkje uvanlege
- Mengda verkestoff (thc) i hasj har dei siste ti åra nesten blitt tredobla (har og auka i marihuana), slik at skadepotensialet for cannabis er større enn tidlegare.



Kokain

- er eit sentralstimulerande stoff som vert framstilt frå kokabusken

- Kokain finst som oftast som eit kvitt eller gulaktig pulver. Vanlege kallenamn er: coke, cola, snø
- Vanlegvis blir kokain sniffa (i nasen), men stoffet kan også røykast
- Kokainrusen gir ei kjensle av å vere oppstemt, auka sjølvtilitt og meistring, men kan og gi akutt angst, paranoia eller depresjon
- Ved sniffing kjem verknaden om lag 1-2 minutt etter inntak. Rusen varer vanlegvis mellom 15 og 60 minutt, og det er difor vanleg å ta fleire dosar i løpet av kort tid
- Kokain kan gi kraftige nedturar i form av angst og depresjonar
- Kokain kan gi betydelege skadeverknader. Mest vanleg er psykiske problem som angst og depresjon. I nokre tilfelle kan det oppstå psykosar, spesielt i form av paranoide trekk
- Den stimulerande verknaden på hjarte- og kar-systemet gir ein auka risiko for blant anna hjernebløding, hjarteinfarkt og hjarterytmeforstyrningar.



Mdma/ecstasy

- er eit kjemisk framstilt rusmiddel som verker både sentralstimulerande og kan gje forsterka sanseintrykk

- MDMA/ecstasy finst i både pulver -/krystallform og som tablettar. Vanlege kallenamn: emma, molly, e, x og knips.
- Tablettane kan ha mange ulike fargar og logoar
- Verknadane kjem etter om lag 30 – 60 minutt og varer i 4-8 timar
- Når rusverknaden set inn vil kroppstemperaturen og hjarterytma auke. Pupillane blir store. Nokre opplever kvalme og brekningar

- Ein kan kjenne seg vaken og opplagt, eller full av empati og interesse for folk og verda rundt seg. Sanseinntrykka blir forsterka, og mange opplever kjensle av eufori og velvære. Det kan også oppstå ein periode med forvirring, angst og akutte depresjonar
- Når rusen går ut, vil mange kjenne seg fysisk utmatta og nedstemt. Lengre tids bruk kan føre til depresjonar og psykiske lidingar for disponerte personar, eller den som bruker stoffa hyppig
- Bruk av MDMA har i dei seinare åra blitt meir utbreidd i ein del miljø, og er meir utbreidd i Noreg no enn tidlegare.



Amfetamin og metamfetamin

- er sentralstimulerande, kjemisk framstilte stoff som vanlegvis kjem i pulverform

- Vanlegvis blir stoffa sniffa, men dei kan også injiserast, svelgast og drikkast. Vanlege kallenamn: speed, pepper, joggesko, fort og makka
- Verknadene kjem raskt etter inntak. Vanlegvis varer amfetaminrusen frå nokre timar og oppover, avhengig av dose
- Verknadene av amfetamin og metamfetamin er svært like. Vanlege symptom på bruk er høg sjølvkjensle, pratsom, rastløyse, nervøsitet, svimmelheit og vakenheit
- Metamfetamin er kjemisk nært i slekt med amfetamin. Det er gjernemeir potent, fordi det går raskare over til sentralnervesystemet. Noko av metamfetaminet blir metabolisert til amfetamin, slik at verknaden blir noko lenger
- Metamfetamin blir vanlegvis selt som amfetamin på gata, og brukarane veit ofte ikkje sjølv kva stoff dei får i seg
- Amfetamin og metamfetamin har mange av dei same skadeverknadene som kokain. Brukar som tek stoffet over fleire dagar, opptil rundt ei veke, kan gå inn i ein psykose eller få ein alvorleg nedtur/abstinens.



Benzodiazepinar

- er reseptbelagte legemiddel med stor fare for avhengnad

- Benzodiazepinar er legemiddel som blir nytta for sin roande søvndyssande, angstdempande og muskelavslappande verknad. Vanlege benzodiazepinar er Xanor, Rivotril, Valium og Sobril
- Når benzodiazepinar blir brukt som rusmiddel nyttar ein gjerne langt høgare dosar enn når dei same stoffa blir nytta som legemiddel. I rusmiljøa finn ein også importerte, illegale framstilte benzodiazepinar
- Som rusmiddel blir benzodiazepinar ofte brukt saman med andre rusmiddel anten for å dempe uro etter bruk av sentralstimulerande stoff, eller for å forsterke verknadane av heroin, alkohol eller andre dempande stoff
- Bruk av benzodiazepinar og alkohol samtidig kan føre til overstadig berusing, tap av hukommelse og kontroll, og dermed ein stor risiko for farleg åtferd
- Når benzodiazepinar blir tatt saman med andre dempande stoff aukar risikoen for overdosar
- Store dosar benzodiazepinar kan gi motsett effekt, og brukaren kan bli utagerande, aggressiv og miste kontrollen

Vedlegg – del 3 Støtte til skulane rundt ulike situasjonar

Eksempel på handtering av ulike situasjonar og korleis ein kan møte elevar rundt ulike scenario

A. Samtale med elev om mogleg rusmiddelbruk

Situasjon A:

Alex er ein elev som har aukande fråvær og vert oppfatta som stadig meir ukonsentrert, irritabel eller fjern når vedkomande er på skulen. Er ofte blitt observert saman med eldre ungdommar. Etter helga har eleven alltid historier om festar som vedkomande har deltatt på. Mor fortel om stadig mas etter pengar.

Mogleg framgangsmåte:

Har ein nok opplysningar til å kunne ta opp temaet rus i ein samtale med eleven? Er det andre på skulen som kan ha utfyllande informasjon? Det er viktig å finne så mange opplysningar og observasjonar som mogleg før samtalen. Førebu samtalen godt ved å skissere:

- Kva veit ein; kva er det ein sjølv eller andre konkret har sett eller høyrte? Skil mellom sikker kunnskap og rykte
- Kva lurar ein på/kva treng ein meir kunnskap om? Kvifor trur ein det kan handle om rusmiddelbruk?
- Kva er ein bekymra for? Kva vil ein formidle til eleven i samtalen?

Samtalen

Tenk gjennom på førehand kvar og når samtalen skal finne stad (sjå sjekklista, s.31). Sørg for å sette av nok tid (ein veit ikkje kva som kan kome opp i samtalen) og at ein får sitte uforstyrra.

Informer eleven om kvifor ein ønsker denne samtalen, seie noko om teieplikta og at ein uansett ikkje går vidare med opplysningane utan at vedkomande er informert.

Legg fram det ein veit, kva ein er bekymra/uroa for og få fram tydeleg ønske om å hjelpe eleven.



For fleire tips og førebuing i samtalen, sjå side 19-23 i Kjentmannshandboka: **Kjentmann. Å møte elevar med rusproblemer**

Samtalen kan ha to utfall: Eleven nektar for rusmiddelbruk eller innrømmer bruk.

At eleven nektar for bruk av rusmiddel kan vere ein normal og forståeleg første reaksjon. Det kan vere vanskeleg å innrømme vanskelege forhold me ein gong. Gi eleven tid. Kanskje endrar eleven meining når vedkomande har fått tenkt seg litt om. Gi uttrykk for at det er ønskeleg med ein ny samtale seinare, særleg om bekymringa vevarar. Informer om at skulen kan bli nøydte til å gå vidare med sama om ein vurderer den som særleg bekymringsfull.

Om eleven ikkje vil snakke med deg, så kan du oppmuntre vedkomande til å snakke med nokon andre. Gi forslag til moglege personar/instansar å vende seg til. Ikkje slepp tak i eleven/saka før ein er sikker på at vedkomande vert ivaretatt/fylgt opp av andre. Kjem det fram i samtalen at eleven brukar rusmiddel på ein risikofylt og bekymringsfull måte, må ein gjerne følgje opp med ein ny samtale innan kort tid. Lag avtalar om vegen vidare og diskuter når eventuelt føresette skal informerast, og av kven og på kva måte (t.d. eleven gjer det sjølv, skulen informerer eller i eit felles møte med føresette, eleven og skulen).

I denne type saker er det gjerne lite som hastar (ofte kan rusmiddelbruken avta når dette er kjent og eleven opplever å ha nokon å snakke med om temaet). Er eleven usikker på ein eventuell involvering av hjelpeapparatet, er det i utgangspunktet greitt å vente med dette. Det viktigaste er å oppretthalde kontakt, skape tillit og god relasjon. Verken føresette eller andre hjelpeinstansar treng omgåande informasjon. Følg eleven sitt tempo, så sant ikkje liv og helse er i fare. Ein må heile tida vurdere, saman med kollegaer/rektor, kor lenge det er forsvarleg å halde på informasjonen (jf. Teieretten versus informasjonsplikt). Sjå også scenario B.



Foto: Henta frå instockphoto.com

B. Avdekking av bekymringsfull bruk av rusmiddel

Situasjon B:

Alex fortel at det er vanskelege forhold heime for tida. Det er mykje konflikt og krangling mellom føresette og det blir også ofte krangel mellom føresette og eleven. Det medfører at Alex er lite heime og er stadig oftare saman med ein gjeng som røyker hasj og drikk mykje alkohol i helgane.

Mogleg framgangsmåte:

Når eleven har tatt eit initiativ bør det gripast. Dette er den "gylne augeblinken". Når eleven fortel ting direkte må dette takast alvorleg og følgast opp omgåande. Det er viktig å halde ved like tilliten som eleven viser i denne situasjonen, og styrke motivasjonen til å gjere noko/finne gode løysningar. (sjå siste avsnitt i scenario A).

Fortruleg informasjon:

Av og til kan elevar fortru seg om eigne vanskar eller problem i venneflokket eller familien. Slik fortruleg informasjon kan vere eit ønske om meir vaksenkontakt eller berre vere eit behov om å dele informasjonen med nokon. Fortruleg informasjon må handsamast med varsemd og er som regel ikkje ei hastesak (grad av alvor må sjølvstundt vurderast). Det er viktig at skulen ikkje har reaksjonar som bremsar/hindrar slik openheit frå dei unge.

C. Akuttsituasjonar

Situasjon C1:

Alex er utan tvil, synleg ruspåverka på skulen.

Framgangsmåte:

Eleven må så raskt som mogleg skjermast frå dei andre. Dette av omsyn til dei andre elevane på skulen, men og for eleven sjølv. Ein bør vere to stykk til stades i denne situasjonen.

Ta ein roleg prat med eleven. Informer om kva som er blitt observert og kvifor ein har reagert. Lytt også til kva eleven seier om situasjonen. Føresette bør informerast og eventuelt hente eleven. Sjekk ut eleven sine tankar kring informasjon til føresette, om noko kan bli spesielt vanskeleg. Både eleven og føresette kan trenge støtte i ein slik situasjon. Er eleven overstadig rusa må vedkomande sikrast tilsyn. Vurder om eleven ev. Må ha helsehjelp. Eleven må roleg og utan oppstuss takast med ut frå skuleområdet.

Lag avtale om ny samtale dagen etter, gjerne saman med føresette. Gå då gjennom hendinga. Fortel kva som var skulen si oppleving og vurdering og be eleven fortelje sin versjon. Lag avtalar for vidare oppfølging. Det er viktig å sikre at eleven har ønske og lyst til å kome tilbake til skulen.

Dokumenter vurderingar og tiltak gjennom heile prosessen i eige fagsystem. Opprette stafettlogg ut i frå BTI rettleiar.

Situasjon C2:

Alex blir tatt i å selje hasj på skulen.

Framgangsmåte:

Sal/omsetting av illegale rusmiddel er ei politisak. Ta kontakt med lokalt førebyggjande politi.

Eleven må skjermast frå dei andre. Det bør vere to tilsette frå skulen til stades i denne situasjonen. Informer eleven om at politiet vil bli kontakta om hendinga. Lag avtalar om oppfølging og informer tydeleg om skulen sitt reglement og forventningar til eleven framover. Informer og involver føresette. Ta kontakt med andre instansar om nødvendig/hensiktsmessig.

Eleven kan bortvisast frå skulen, men ikkje utvisast. Det er viktig at eleven ikkje droppar ut. Skulen skal ivareta og hjelpe eleven til å halde tak i skulen. Politiet har ansvar for ein eventuell påtale/straffesak. Dokumenter vurderingar og tiltak gjennom heile prosessen.

Sjekkliste

Russamtale med elevar

- Kartlegg problemet. Skaff deg oversikt før du handlar
- Tenk igjennom kvar du skal ha samtalen med eleven
- Tenk igjennom korleis samtalen skal vere
- Kva er målet med samtalen?
- Grunngi samtalen ovanfor eleven
- Legg til rette for at eleven skal ønske å kome igjen
- Vis at eleven kan stole på deg
- Still opne spørsmål. Ver direkte, men ikkje dømmande
- Husk at du skal dempe konflikhtar, ikkje intensivere dei
- Ver tydeleg i høve til funksjonen din – kva moglegheiter og avgrensingar du har med tanke på teieplikt, kontakt med føresette o.l.
- Avtal eit neste møte
- Be om lov til å kontakte eleven på telefon eller melding via SMS/sosiale medium
- Før loggbok etter kvart møte
- Samtykkeskjema for samarbeid mellom rus/psykisk helse ungdom og skule (ressursteam).



Foto: Henta frå istockphoto.no



Flytskjema

Kva gjer vi når elevane våre rusar seg?

Ikkje oversjå - ikkje overreagere





Registreringsskjema for rusrelaterte situasjoner

Dag/dato:

Skildring av situasjonen:

Dokumentasjon (eigen observasjon, sett, høyr, osv):

Dokumentasjon frå andre (fått fortalt og av kven, rykte, evt. frå kven):

Manglande dokumentasjon (burde hatt opplysningar om, kvar hente informasjon?):

Vurdering av situasjonen:

Tiltak/handling:

Ansvarleg for gjennomføring:

Oppfølging:

Ansvarleg for oppfølging:

Tidspunkt:

Anna:

Utfyllar:

Tilvist:



Vedlegg – del 4 Kontaktpersonar, interne og eksterne hjelpeinstansar og samarbeidspartar

Skulen sine kontaktpersonar internt, (fyll ut)			
Ressursteam	Namn:	Telefon:	E-post:
Helsesjukepleiar	Namn:	Telefon:	E-post:
Kontaktperson i barnevernet	Namn:	Telefon:	E-post:
PPT	Namn:	Telefon:	E-post:
Politikontakt	Namn:	Telefon:	E-post:
Fastlege	Namn:	Telefon:	E-post:
Andre	Namn:	Telefon:	E-post:

Helsestasjon for ungdom

Drop – in tilbud for ungdom mellom 13 – 24 år

- Sula helsestasjon
- Lege oddetalsveker

Opningstid: kvar måndag frå 15.30-17.00 (følgjer skuleruta)

Mobil: 70 19 91 36

[Helsestasjon for ungdom - Sula kommune](#)

Psykisk helse og rus ungdom

Er tilgjengeleg for drøfting av saker.

Ta kontakt med spesialvernepleier

Mobil: 957 12 285 (Sentralbord: 70 19 91 36)

[Rus og Psykisk helse ungdom - Sula kommune](#)

Barnevern Sula Kommune

Ta kontakt for drøft eller melding.

Kontortid: 08.00 – 15.30 måndag til fredag

Tlf: 993 69 278

[Barnevern - Sula kommune](#)

Barnevernsvakta for Sunnmøre (døgnbemanning)

Akutt bekymring rundt barn og unge

Tlf: 915 76 020

SLT – koordinator (SLT – Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggande arbeid)

Dersom det handlar om samordning av lokale rus – og kriminalitetsførebyggande arbeidet i kommunen, kan utfordringa takast opp med SLT – koordinator.

Mobil: 92 47 91 29 (Sentralbord: 70 19 91 36)



Konfliktrådet

Konfliktrådet er gratis å bruke

Ta kontakt med konfliktrådet i Ålesund for meir informasjon:

Tlf.: 70 30 06 10 (telefonid frå 09.00 til 15.00)

Epost: post.moreogromsdal@konfliktraadet.no

For å melde inn sak:

[Send inn sak til konfliktrådet - Konfliktrådet \(konfliktraadet.no\)](https://www.konfliktraadet.no)




POLITIET

Nød/akutt: 112

Andre henvendingar: 02800

Førebyggjande avdeling i Ålesund:

Epost: 208.forebyggende.alesund@politiet.no



Familievernkontoret

Familievernkontoret på Sunnmøre er ope og tilgjengelig for alle og ein treng ikkje tilvisning for å ta kontakt.

Tilbodet er gratis.

Tlf: 466 17 390

[Familievernkontoret Sunnmøre | Bufdir](#)



HELSE MØRE OG ROMSDAL

Barn og unges helseteneste

Eit kart over tenestene til barn og unge

[Barn og unges helseteneste - Helse Møre og Romsdal \(helse-mr.no\)](https://www.helse-mr.no)